

# 2017

## Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Tysnes



Vedtatt i kommunestyret

07.03.2017



## § 1 Skulefritidsordning ved grunnskular

- Opplæringslova § 13-7 slår fast at det skal vera tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for elevar i 1-4.klasse, og for barn med særskilte behov i 1.-7.klasse.

## § 2 Føremål

- Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.
- Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn.
- Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.
- Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

## § 3 Leiing

- Skulefritidsordninga ligg administrativt under Oppvekstsjef/tenesteutval.
- Rektor har det administrative og pedagogiske ansvaret for skulefritidsordninga.

## § 4 Bemannning

- Skulefritidsordninga skal primært bemannast av «Barne- og ungdomsarbeidarar».
- I grupper på t.o.m 15 barn skal det vere 1 (ein) tilsett.
- Frå 16 – 30 barn skal det vere 2 (to) tilsette.
- Dersom det er barn med spesielle behov i skulefritidsordninga, skal det tilsetjast naudsynt personale for å dekke desse barna sine behov.
- Det er krav om politiattest for å arbeide i skulefritidsordninga.

## § 5 Inntak og oppseiing

- Skulen kan starte opp med skulefritidstilbod når det er minst 6 born påmeldte (gjennomsnitt pr. skuledag)
- På små skular kan det startast opp skulefritidsordning med mindre enn dette talet, da etter ein skjønsmessig vurdering. Oppvekstsjef tek denne avgjerda.
- Kvar skule står for opptak av barn til skulefritidsordninga etter følgjande kriterier:
  - Barn med spesielle behov
  - 1.klassingar har fortrinnsrett på plass i skulefritidsordninga
  - Barn i 2.-4.klasse

Hovudinntaket skjer om våren for det kommande skuleåret, og gjeld til vanleg for eitt skuleår eller til plassen vert sagt opp. Det er ei gjensidig oppseiingstid på 2 (to) månader rekna frå den 1. i kvar månad. Oppseiinga skal sendast skriftleg til den aktuelle skulen. Dersom elevgrunnlaget fell bort grunna oppseiingar, kan ordninga stengjast i løpet av skuleåret. Det er også høve til å søkje seg inn i løpet av skuleåret.

Barn som har ei åtferd som ikkje kan aksepterast i skulefritidsordninga, kan bli oppsagde.

Rektor tek avgjerda etter at føresette er varsla og har hatt høve til å uttala seg.

Eventuell klage på inntak og oppseiing blir handsama i Tenesteutvalet.



## § 6 Opningstid

- Det blir gjeve tilbod om skulefritidsordning frå kl 07.15 og fram til skulestart, og frå skuleslutt og fram til kl 16.30 på vanlege skuledagar.
- Skulefri vekedag er skulefritidsordninga open frå 07.15 – 16.30 dersom det er minst 6 (sekss) barn påmeldt.
- SFO føl skuleruta. Dersom det er stort nok søkjartal for SFO i haust-, vinterferie og i august fram til skulestart kan det etablerast eit tilbod desse dagane.

## § 7 Takstar/prisar

Skulefritidsordninga i Tysnes har pr. 1/1-2017 følgjande takstar:

- 2120,- for full plass (kvar dag)
- 1340,- utan onsdagar
- 785,- for onsdagar
- 390,- for annakvar onsdag

Takstane i skulefritidsordninga vil bli justert årleg i samband med kommunebudsjettet.

## § 8 Betaling

- Betaling skjer direkte til Tysnes kommune ein gong pr. månad. Er det ikkje betalt innan forfall, blir det sendt purring. Det blir rekna forseinkingsrente på 12% p.a. Manglar det framleis betaling etter purring, blir det sendt varsel om oppseiing av plassen i skulefritidsordninga. Fører ikkje dette fram, går beløpet til forliksråd/inkasso og oppseiing kan bli sett i gong.